
Saksnr:	2021/2757-1
Saksbehandlar	Susan Kathinka Halvorsen Husabø
Dato:	27.01.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Tilleggspoeng for utdanningsprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama

Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune vart vedteke i fylkestinget 29.9.2020. (PS-sak 2020/107)

Saksfakta

Vg1 musikk, dans og drama

§ 6 i den lokale forskrifta opnar for å kunne gje tilleggs poeng til vg1 på grunnlag av ferdigheiter i utdanningsprogrammet musikk, dans og drama. Inntil 50 % av søkjarane til desse utdanningsprogramma kan takast inn med tilleggs poeng.

§6-2 lyder:

«Skala for tilleggs poeng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesrådmannen. Tilleggs poenga kjem i tillegg til karakterpoeng og eventuelle nærskulepoeng»

Vg1 idrettsfag

§ 7 i den lokale forskrifta opnar for å kunne gje tilleggs poeng til vg1 på grunnlag av ferdigheiter i utdanningsprogrammet idrettsfag . Inntil 50 % av søkjarane til desse utdanningsprogramma kan takast inn med tilleggs poeng.

§7-2 lyder»

«Skala for tilleggs poeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen».

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Begge dei to tidlegare fylkeskommunane nytta tilleggs poeng ved søking til vg1 musikk, dans og drama, men med noko ulik skala. Tilleggs poeng til vg1 idrettsfag var det berre Hordaland fylkeskommune som nytta. På grunnlag av tidlegare praksis, og ønske om å samordne og å forenkle har fylkesrådmannen fastsett skala med kriteria for bruk av tilleggs poeng slik:

Tilleggs poeng til vg1 musikk, dans og drama, gjeld ved søking til alle tre disiplinane

- 3 poeng: Søkjaren viser dugleik utover gjennomsnittet.
- 5 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen, og har eit stort potensiale.
- 7 poeng: Skal berre gjevast til søkjar som viser framifrå dugleik, og har eit uvanleg stort potensiale.

Tilleggs poeng til vg1 idrettsfag, utøveren presterer på nivå:

- 3 poeng: Regionalt nivå
- 5 poeng: Landslagsnivå
- 7 poeng: Internasjonalt nivå
-

Konsekvensar av Koronaepidemien for tildeling av tilleggspoeng for idrettsfag

Som konsekvens av epidemien har det knapt vore konkurransar i 2020, der idrettsutøvarane har fått høve til å syne prestasjonsnivået sitt. Fylkesdirektøren har møtt skulane som tilbyr idrettsfag for å finne ei løysing som blir lik for alle søkarane. Ein har kome fram til slik løysing for kommande skuleår:

1. Søkarar til skuleåret 2021/22
 - a. Søkaren må dokumentere prestasjonar frå tidsrommet 01.08.2019-01.05.2021
 - b. Søkaren må dokumentere at han er aktiv ved søknadsdato.

2. For søking til framtidige år, etter Koronaepidemien, har ein kome fram til at søkaren må dokumentere prestasjonar frå perioden 1.5.søknadsåret og eit år bakover i tid.